

Landsmøtet i Naturvernforbundet 2020

Forslag til landsmøtefråsegn frå Naturvernforbundet i Orklaregionen

Grytdalen som nasjonalt referanseområde for biologisk mangfald

Noreg har behov for større område med totalvern mot alle typar inngrep, og med jaktforbod, som eit referanseområde for biologisk mangfald. Dei fleste andre land i verda, har oppretta område med totalvern, men i Noreg er det berre nokre små reservat med tilsvarande vern.

Referanseområde for biologisk mangfald er viktig for biologisk forskning, mellom anna for

- Effektar av klimaendringar utan andre påverknader
- Referanseområde for nedfall av sur nedbør og langtransportert nitrogen
- Bestandsutvikling til jaktbart vilt i område utan jakt
- Naturleg artssamansetting og økologisk funksjon i ferskvatn for insekt og fisk og produksjon og dynamikk i aure- og røyepopulasjonar utan fiskeing
- Insektfaunaen og førekomsten av sopp og mosar på død ved og gamalskog utan inngrep

Grytdalen med Songli forsøksgård i Orkland i Trøndelag er ein ideell kandidat til å bli landets første større referanseområde for biologisk mangfald. Grytdalen er eit naturreservat der heile området er i statleg eige, det er stor kunnskap om området gjennom biologiske forskning ved Songli sida 1954. Det er stort engasjement og samarbeid for eit sterkt vern frå lokalbefolkninga, Orkland kommune og lokale natur- og friluftsansjasjonar. Det er med andre ord minimale konflikhtar knytt til ei styrking av vernet.

Direktoratet for naturforvaltning har forvalta området i mange år, og forskarar frå Norsk institutt for Naturforskning (NINA) og andre norske og utalandske institusjonar har vore engasjerte i omfattande forskning med utgangspunkt i Songli forsøksgård. I det sokalla kjerneområdet i Grytdalen har det ikkje vore jakt dei siste 60 åra. Utalandske forskarar uttrykker at Grytdalen også kan vera viktig som referanseområde og forskning på biologisk mangfald i internasjonal samanheng, til dømes for Skottland og England.

Både Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) og NTNU (biologi) har uttrykt at området er veileigna, både som referanseområde, for forskning og undervising, både på grunn av området karakter og at det er nær forskingsinstitusjonane i Trondheim.

Naturvernforbundet ber Klima- og miljødepartementet styrke verneforskrifta i kjerneområdet av Grytdalen, for å etablere eit totalvern utan jakt, slik at det kan fungere som eit referanseområde for biologisk mangfald og biologisk forskning, og samtidig bidra til å sikre varig offentleg eige av Grytdalen og Songli forsøksgård.

Vedteke på årsmøtet til Naturvernforbundet i Orklaregionen 2. mars 2020.